

Protokoll frå revisjonskomitemøte i Helse Vest RHF

Tid: 06.09.2011
Møtestad: Helse Vest RHF, Stavanger

Møtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå revisjonskomiteen

| | |
|------------------------|-------------|
| Gisle Handeland | Komiteleiar |
| Gro Skartveit | Medlem |
| Reidun Nyborg Johansen | Medlem |

Forfall frå revisjonskomiteen

Ingen

Sekretær for revisjonskomiteen

Leiar for internrevisjon Bård Humberset

Deltakarar frå administrasjonen

Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Eigardirektør Ivar Eriksen

Andre

Ingen

Sakliste

- | | |
|---------|--|
| B 17/11 | Godkjenning av innkalling og dagsorden |
| B 18/11 | Protokoll frå møte i revisjonskomiteen 11.05.11 |
| O 19/11 | Orienteringar med prosjektstatus frå internrevisor |
| O 20/11 | Internrevisjon av brannvern |

B 18/11 Protokoll frå møte i revisjonskomiteen 11.05.2011

Vedtak (samrøystes):

Revisjonskomiteen godkjende og underteikna protokollen frå revisjonskomitemøte den 11. mai 2011.

O 19/11 Orienteringar med prosjektstatus frå internrevisor

Oppsummering:

Leiar for internrevisjonen ga ei munnleg orientering om framdrifta i dei ulike prosjekta.

Neste møte i komiteen er fastsett til 1. november. Dersom ein av rapportane som er i slutfasen vert klar, vil komiteen halde eit ekstramøte i samband med neste styremøte. Dato for mulig ekstra komitemøte blir dermed 4. oktober.

Leiar for internrevisjonen orienterte og om prosessen for tilsetting av ny internrevisor etter at internrevisor Hanne Løvereide Årstad gikk over i ny stilling som jurist i Eigaravdelinga i Helse Vest RHF. Ledig stilling vart først lyst ut i juni og igjen i månadsskiftet august-september.

Dei nye prosjekta styret godkjente i plan for internrevisjon 22.6, er i tidleg planfase. Grunna både kompetanse og kapasitet i internrevisjonen vil det verte behov for å hente inn bistand utanfrå. Ein førespurnad vil gå ut til dei selskapa Helse Vest har rammeavtale med. Revisjonskomiteen drøfta prioriteringa mellom prosjekta og ga sin tilslutning til at internrevisjonen tar opp prosjekta innan kreftbehandling og IKT-sikkerheit først.

Vedtak (samrøystes):

1. Revisjonskomiteen tar saka til orientering.
2. Komiteen ønskjer å ha eit ekstramøte 4.10.2011 dersom ein av prosjektrapportane vert ferdig tidleg.
3. Komiteen rår til at vedtekne prosjekt innan kreftbehandling og IKT-sikkerheit vert prioriterte først.

O 20/11 Internrevisjon av brannvern

Oppsummering:

Det vart i 2008 gjort ein internrevisjon av brannvernarbeidet i helseføretaka Fonna, Bergen, Førde og Stavanger. Ei oppfølging i 2011 har sett på korleis førre rapporten vart følgt opp og gir eit oppdatert situasjonsbilde. Internrevisor ga i møtet ei samanliknande oppsummering av innhaldet og anbefalingane i dei fire rapportane.

Komiteen drøfta saka.

Det blei uttrykt tilfredsheit med at anbefalingane frå 2008 var blitt følgt opp i handlingsplanar i føretaka. Vidare gjekk diskusjonen mykje på det behovet det framleis er for å sikre eit brannvernarbeid i samsvar med regelverket.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonskomiteen viser til anbefalingane og ber om å bli halden orientert om føretaka si oppfølging av rapporten.

Ref. Bård Humberset

06.09.2011

Gisle Handeland
leder

Gro Skartveit
medlem

Reidun Johansen
medlem
